



Valdansvarlege

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/212-14	Knut Fredrik Øi	15.06.2026

Delegert plan- og eigedomsutval, delegert saksnummer 75/26

## Tildeling av fellingsløyve for hjort og elg - Aurland 2026

### Kort samandrag

Bestandsplan for hjort i perioden 2024-26 vart vedteke våren 2024. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort. Valda som er med i bestandsplansamarbeidet utgjør no ca. 97% av arealet i Aurland kommune. Desse får tildelt 293 fellingsløyve. I tillegg kan desse valda nytta dei 245 ubrukne løyva frå 2024 og 2025. Valda utan bestandsplan får tildelt 9 fellingsløyve i 2026. Det er fri kvote på hjortekalv for valda som er med i bestandsplansamarbeidet. Det vert tildelt 20 fellingsløyve for elg til Aurland elgvald i 2026.

### Vedtak

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt tildeler Aurland kommune følgjande fellingsløyve i 2026:

- 20 fellingsløyve på elg
- 302 fellingsløyve på hjort

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 tillèt Aurland kommune at alle valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, kan nytta alle tildelte fellingsløyve i planperioden uavhengig av år, inklusive dei 245 ubrukne løyva frå 2024 og 2025. Det er fri kvote på hjortekalv for alle grunneigarar i valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde i jaktåret 2026/27.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

### Saksutgreiing/vurdering

I all hovudsak ligg vurderingane for løyvetildeling i bestandsplanperioden 2024-26 i saka om godkjenning av bestandsplanen frå 2024. Nytt av året er at 3 nye vald har meldt seg inn i

bestandsplansamarbeidet og at eit nytt vald er godkjend av Aurland kommune (Grønestølen). Plansamarbeidet omfattar no 53 av 56 vald, noko som utgjer 97% av teljande areal i kommunen. Oversikt over tildelingane til valda ligg i vedlegga.

Omsyn til smitteførebygging for skrantesjuka er framleis premissleverandør for forvaltninga av hjort og elg i Nordfjella-regionen. Høgt uttak, omfattande prøvetaking og låge bestandar er ønskja av sentrale styresmakter. Nordfjella er framleis i det som vert kalla brakkleggingsperioden. Kommunane er bedne om å leggja til rette for høgt uttak. Miljødirektoratet har fastsett framleis utvida jakttid på hjort og elg kring Nordfjella og Hardangervidda. For hjort er det jakttid 15. august – 23. desember og i tillegg til 1. januar – 31. januar. Jakttida for elg er 15. august – 23. desember.

I alle åra med fokus på smitteførebygging for skrantesjuka har valda i bestandplanområdet hatt moglegheit til å nytta alle fellingsløyva, uavhengig av år i planperioden. Det er også uavgrensa moglegheit til å flytta fellingsløyva mellom valda som er med i samarbeidet. Det vert lagt til grunn vidareføring av dette også denne planperioden. Valda som er medlem i bestandsplansamarbeidet får tildelt 293 fellingsløyve i 2026. Medlemsvalda har 245 ubrukte løyve frå 2024 og 2025, som fritt kan nyttast i 2026. Valda som ikkje er medlem i bestandplanområdet, får tildelt 9 fellingsløyve i 2026. Aurland kommune har søkt Landbruksdirektoratet om fri kvote på hjortekalv *for valda som er med i bestandsplansamarbeidet* i sesongen 2026/27. Dette er innvilga. I tillegg til ordinær kvote kan altså alle grunneigarane i valda som er med i bestandsplanen fella uavgrensa mange hjortekalvar. Det er totalt tilgjengeleg 547 fellingsløyve denne sesongen, i tillegg til fri kvote på hjortekalv for medlemsvalda.

For elg vert det delt ut 20 fellingsløyve til Aurland elgvald, som utgjer det aller meste av areal i Aurland kommune.

Sjå eige vedlegg med utfyllande info om jakta og ulike ordningar. Fordeling av fellingsløyve til alle valda i kommunen er lista opp i vedlegga.

Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2026:

- 20 fellingsløyve på elg
- 302 fellingsløyve på hjort

Etter gjeldande delegasjonsreglement og avtale om felles landbrukskontor, vurderer kommunedirektøren at saka kan handsamast administrativt. Det er gjeve mynde til kommunedirektøren å handsama kurante saker i avtale om felles landbrukskontor.

### **Klagerett**

Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefristen er 3 veker frå De er kjent med vedtaket

Ev. klage sendast til:

Aurland kommune  
Vangen 1

5745 Aurland

Eller på e-post til: [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

Med helsing

Knut Fredrik Øi  
sakshandsamar viltforvaltning

Magnhild Aspevik  
Landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Vedlegg

- 1 Informasjon om hjort- og elgjakta Aurland 2026
- 2 Aurland hjortevald 2026 - med bestandsplan
- 3 Aurland hjortevald 2026 - utan bestandsplan
- 4 Aurland elgvald 2026